

ÅRSMELDING 2012 VENER AV MJØSVÅGEN

Framlegg til årsmøtet 28.5.2013

Vener av Mjøsvågen har 31 (28) betalende medlemmer, både grunneigarar, brukarar og andre interesserte.

2012 var eit aktivt og godt år for Vener av Mjøsvågen med stor og god aktivitet, ikkje minst med bakgrunn i at me fekk støtte våren 2011 som 3-årig livOGLyst-prosjekt og har kunna halde fram engasjementet av kulturvitar Åse Nilssen som prosjektleiar. Det er Hordaland fylkeskommune, fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge som står bak livOGLyst-programmet. I tillegg yter Regionalt næringsfond for Osterfjord støtte til livOGLyst i Hosanger.

Me hadde årsmøtet 23.4.2012. Det har vore 1 **styremøte** etter årsmøtet; rett før årsmøtet i 2013. Styret har oppnemnd følgjande representantar for Vener av Mjøsvågen i styringsgruppa for **livOGLyst i Hosanger**: Lars Mjøs (leiar) og Veslemøy Gullachsen. Jostein Førre representerer Osterøy kommune. Grendarådet har ikkje oppnemnd ny representant etter at Kjell Mjøs takka av som grendarådsleiar. Det har vore 4 møte i denne **styringsgruppa**; 27.8., 1.10. og 19.11.12 samt 2.5.13.

Vener av Mjøsvågen vart i 2011 teke opp som 3-årig-prosjekt i **livOGLyst**. Dette utgjør ein viktig del av aktiviteten i venelaget.

Me var heldige som på ny kunne engasjere **Åse Nilssen** som **prosjektleiar**.

For sjølvje livOGLyst-prosjektet er det utarbeidd ein årsrapport pr 30.1.2013 og me viser til denne.

Program for sommarsesongen 2012:

Sesongopning laurdag 2.juni 2012

Elles i sesongen ope søndagar kl 15.00 - 18.00

Opning av **Makakunstløypa** kl 13.00 i Kossdalen.

Treskoverkstaden opnar kl 13.00. Ope til kl 18.00.

Loftet med gamalt og nytt opnar kl 15.00. Ope til kl 18.00.

Mjøsvågen Kafe opnar kl 15.00. Ope til kl 18.00.

Galleri Mjøsvågen ved Osterøy kunstlag: Sesong-opning kl 16.00. Ope til kl 18.00.

2.juni -7.juli

Sveinung Iversen, etsingar

Jamie Donkey, miks av media bilder i Mjøsvågen kafe.

D/S Oster til Torgdag i Bergen laurdag 9.6.12

Avreise frå Hosanger/Mjøsvågen kl 08.00 Retur til Hosanger/Mjøsvågen kl 17.50

Opning søndag 1. juli 2012 kl 15.00

1.juli - 26.aug **Silje Hagebø**, maleri / painting i Mjøsvågen kafe.

Opning søndag 29. juli 2012 kl 15.00

29.juli - 26.aug **Borgny Svalastog, M.B. Landstad-utstillinga "Himmelrikets blomster**

gror" (i Hosanger kyrkje). Opningsdagen: Inger Løken frå Landstadsenteret i Bø orienterer om utstillinga, om kunstnaren og kulturmannen Landstad. Liv Skoglund og Kristoffer Foldøy presenterer Landstad i ord og tonar. Kl 18.00-18.30; kveldssong i kyrkja.

Ope søndagar kl 15.00 - 19.00 og torsdagar kl 17.00 - 19.00 Tilskipar for utstillinga: Osterøy kunstlag og Hosanger sokneråd med støtte frå Hordaland fylkeskommune. Dei dagane utstillinga er open, vert det og ein **minikonser**t i kyrkja kl 18.00 - 18.30.

Mjøsdalsdagen 2012 laurdag 25.august 2012

12.00 - 14.00 Fiskekonkurranse. Oppmøte på kaia. Premiering for minst, størst og mest fangst. Både frå båt og frå land. 13.00-18.00. Kafeen er open for sal av is, brus,vaflar og varmmat. Salsbuer og aktivitetar for alle på kaia. Kunstutstilling i Gallerihuset og i kafeen. Treskoverkstaden med omvising og sal av nye tresko. Loftet med gamalt og nytt - Norlender strikkeplagg og Retro. Riding med hest og klapping av geit.

15.00 - 19.00 Kunstutstilling i Hosanger kyrkje Borgny Svalastog - M B Landstad-utstillinga "Himmelrikets blomster gror"

15.00 Triathlon stafett eller aleine - symjing 400 m, sykling 14 km og springing 3 km.

16.00 Duathlon for borna - springe- og sykkeletappe. Aldersgrupper; under 5 år, 5-8 år og 9-16 år.

18.00 - 19.00 Fotballkamp på Prestemyre - ungane vs. dei vaksne (i utkledding)

20.00 Pubkveld i Mjøsdalen ungdomshus med levande musikk av Tarjei Vatne. Bill kr 100,-

Sesongavslutning søndag 26.august 2012, ope

kl 15.00-18.00 Kl 13.00 Sondagstur i Kossdalen. Oppmøte ved Mjøs Metallvarefabrikk. Utforsking av Markakunstløypa ispedd litt historikk og lokalhistorie. Kl 18.00 **Konsert i Hosanger kyrkje Vrimmel**: Steinar Strand Hansen, gitar, seljeflytte, song/kveding, Anna Margareth Breivik,

cello, torader & song, Sofie Mortvedt, fiolin, hardingfele, torader, song.

Osterøy kunstlag leigar **Skjæringahuset** til galleri i sommarsesongen og til ulike aktivitetar elles. Sommarsesongen 2012 var det kunstlaget som stod for drifta av Mjøsvågen kafe. Søndagsmiddagane var populære. Det vert vist til eiga årsmelding.

Småbrukarane Marie Vrålstad og Øystein Hole har, i tillegg til sau, høner og bier, starta opp med geit og eit ysteri er snart klart til bruk. Gardsprodukt for sal vil vera ost, egg og honning.

Kari L Mjøs og Aksel Mjøs har starta planarbeid for eit **bustadfelt på Hoshovdstølen** med ca 30 bueiningar, sjå www.hoshovdstolen.no. Eit felt for fritidsbustader er under planlegging på Helldal. Kommunen har i april 2013 lagt ut framlegg til vassforsyningsplan der vassforsyning til desse felta er planlagt bygd i 2014 og 15. Dette er viktig for realisering av felta.

Kari Mjøs og Else Røsland har våren 2013 etablert cateringselskapet **Mjøsvågen Mat AS**. I samarbeid med huseigarene og Vener av Mjøsvågen og med stor eigeninnsats vert det no laga til eit kjøkken i Maskinhuset/kafeen med m.a. oppvaskmaskin og slik at det kan lagast varmmat. I porten mot sør vert det sett i glas-skyvedør for å kunne stoppe trekken og samstundes kunne ha utsikta. Sommarsesongen 2013 vil Vener av Mjøsvågen stå for kafedrifta m.a. basert på cateringtenester frå Mjøsvågen Mat AS. Ein dugnadsgjeng har meldt seg for å bidra med servering. Mjøsvågen Mat AS leverer også cateringtenester til m.a. slutta lag i Mjøsvågen.

Bente Holmedal har våren 2013 starta selskapet **Det lille gartneriet** med gartneri på Stranda i Fotlandsvåg. Ho vil m.a. selje blomar/plantar på tilskipingar i Mjøsvågen.

Foldar for Mjøsvågen for 2012 kom i nytt A5-format med 12 sider og var laga av Siren Bysheim.

Toaletbygget vårt i Mjøsvågen fungerer godt.

Vener av Mjøsvågen har ei **heimeside**, **www.mjoesvagen.no**, som vert oppdatert av Lars Mjøs. Osterøy kunstlag informerer gjennom heimesida **www.gallerimjoesvagen.no**.

Facebook er blitt nytta for å reklamera for Mjøsvågen. Galleri Mjøsvågen har eigen Facebook-profil som vert oppdatert av Siren Bysheim.

Søknader som er innvilga (utover livOGLyst i Hosanger inkludert ekstratilskott):
Kr 15.000 i kulturmidlar frå Osterøy kommune.
Kr 10.000 frå Hordaland fylkeskommune/ ålmenne kulturformål til dokumentasjon (innvilga april 2013).

Vener av Mjøsvågen har fått ein del god **medieomtale**, m.a:

Bygdanytt 5.6.2012 «*Fargerikt i Mjøsvågen*»

Bygdanytt 4.7.2012 «*Kunstnarleg skuleplass*»

Styret har vore slik samansett:

Lars Mjøs, styreleiar

Cathrine Bysheim, nestleiar

Veslemøy Gullachsen, skrivar

Kjell Mjøs

Inge Rune Fanebust

Varamedlemer:

Øystein Hole

Mette Rude

Kari L Mjøs med Aslaug Lønsethagen som reserve

Aslaug Lønsethagen er kasserar. Lars Mjøs har ført rekneskapen.

Lars Magne Bysheim, revisor